

Sterk score av dei som vann musikk-quiz

13.07.2011



Trubadur Charles nynna spørsmåla

**Morten Nilsen freista ein ny vri på quizen denne onsdagen, men det vart ingen suksess. Han let den britiske trubaduren Charles Breakspeare stilla spørsmåla ved å nynna poplåtar. Berre fire lag stilte opp og resultata var svært varierande. Men det bør understrekast at det vinnande laget stod for ein svært sterke prestasjon ved å oppnå 81 av 108 mogelege poeng.**



Det sigrande laget besto av Ole Vidar Monsen, Jarle Saghaug, Åsmund Lilleaas, Terje Bru Markus og Bjørn Sturle Hillestad (frå venstre)

Laget kallar seg Team Pass og det har sigra ein gong før i denne quiz-serien.

Mannskapet består av Ole Vidar Monsen, Jarle Saghaug, Åsmund Lilleaas,  
Terje Bru Markus og Bjørn Sturle Hillestad.

På andre plassen kom King Kenny, som også er eit kjend team, med 70 poeng.

Tredje plassen fekk The ladies and the ryps med 49 og sist kom Byggkokken og jentene  
med 44 poeng. Det var ikkje minst ekstraspørsmåla som trakk poengsummane ned, Dei var  
relativt krevjande,

Språket var derimot truleg ingen hemsko under quizen, sjølv om alt vart gjennomført på engelsk.  
Men det er eit spørsmål om det ikkje hadde vore gunstigare for oppslutnaden  
med ein norsk programleiar/trubadur  
sjølv om Breakspear er svært dyktig og allsidig, og var raus med opplysningar. undervegs.  
Morten har som målsetting å prøva ut  
ymse tilbod og det ligg mange variantar og ventar også innan quiz-området.

Neste veke er det ein 'normal' quiz att og då veks vel deltakinga vidare, får vi tru...

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen